

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.04.2009
Sakhandsamar: Jan Erik Lorentzen
Saka gjeld: **Rapport frå verksemda per mars 2009**

Arkivsak

2009/138/

Styresak 041/09 B

Styremøte 06.05.2009

Bakgrunn:

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. mars 2009. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane brukt i rapporten med tilhøyrande definisjon. Grenseverdier som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07.

Kommentarar:

Vi gjer merksam på at heile den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa diverre må gå ut denne månaden grunna ein del høve som ein ikkje har rådd over og som ein ikkje rakk å rette opp i før ferdigstilling av styresakene.

Mellom anna har ein støtt på følgjande utfordringar:

- Aktivitetsrapporteringa frå det siste helseføretaket kom inn like før skrivefristen gjekk ut, slik at det ikkje var tid til å gjere nødvendige tilpassingar/vurderingar
- Tekniske utfordringar i styringsrapporteringsverktøyet har skapt problem med uthenting av fleire data
- Norsk pasientregister (NPR) som førebels leverar alle talgrunnlag for å berekne alle ventetidene hadde heller ikkje levert tal innan fristen for seinaste levering. Det einaste ein hadde tilgjengeleg var februarartal for tre helseføretak.
- I tillegg har ein hatt usikkerheit knytt til venteliste-, epikrise- og aktivitetstal rapportert frå Helse Stavanger grunna utfordringar knytt til bytte av pasientadministrativt system hausten 2008.

I sum gjer dette at talgrunnlaget og framstillinga er så usikker at ein vel å ikkje presenterar ein verksemdrapport for helsefag på dette styremøtet.

1. Økonomi

1.1 Oppsummert

Resultatet pr mars gir føretaka eit samla budsjettavvik på minus kr 43,1 mill. Samla realisering av tiltakspakken har gått ned frå 79% i februar til 69% i mars. Rapporteringa frå føretaka samt analysen av føretaka sine budsjett og omstillingsspakkar har avdekkja betydelig risiko knytt til realiseringa av omstillingstiltaka. Trass i dette rapporterar alle helseføretaka med unnatak av Helse Fonna ein prognose for heile året i tråd med budsjettet. Administrasjonen i Helse Vest vil påpeika at det er svært høg risiko knytt til denne prognosen og det vil krevje igangsetting av ytterlegare tiltak for å nå resultatkravet. Likviditetssituasjonen er litt forverra delvis som følgje av resultatutviklinga samt eit meir oppdatert datagrunnlag på arbeidskapitalen (kortsiktige fordringar og kortsiktig gjeld).


1.2 Resultat

	Mars			Hittil pr. mars		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	1 459	482	977	1 790	269	1 521
Helse Bergen	38 918	37 380	1 538	25 585	30 342	-4 757
Helse Fonna	-3 280	0	-3 280	-2 892	0	-2 892
Helse Førde	-508	9 262	-9 770	-15 754	-9 383	-6 371
Helse Stavanger	4 151	29 104	-24 953	-8 741	22 228	-30 969
Kjøp av helsetenester	3 333	3 333	0	10 000	10 000	0
Administrasjonen	-340	-340	0	-1 020	-1 020	0
Helse Vest IKT	-968	-271	-697	-599	-928	329
Til saman	42 765	78 950	-36 185	8 369	51 508	-43 139

Alle tall i heile tusen

Akkumulert resultat pr mars er kr 8,4 mill som gir et resultat som er kr 43,1 mill dårligare enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Perioderesultatet i mars er kr 4,2 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 25,0 mill. Avviket skuldast i hovudsak lågare inntekter og høgare gjestepasient kostnader enn forventa.

Avvik pr mars er kr 31 mill dårligare enn budsjetttert. Inntektene viser akkumulert eit negativt avvik på kr 8,9 mill, der ISF inntektene utgjer det største avviket. På kostnadssida er eit av dei store negative avvika gjestepasientar med kr 17,2 mill. Jamført med gjestepasientkostnader same periode i 2008 har det vært ei auke på 22% på somatisk del og 1% på psykiatrisk del av føretaket. Personalkostnader inklusive innleige av helsepersonell og refusjonar har eit avvik på - 1,3 % frå budsjettet.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultat for mars viser eit underskot på kr 3,3 mill mot eit budsjetttert resultat på kr 0,-. Akkumulert har føretaket eit negativt budsjettavvik på kr 2,9 mill. Inntektene viser eit negativt avvik i hovudsak på grunn av lågare aktivitet enn budsjetttert og då spesielt innan behandling av inneliggjande pasientar, samt inntektstap knytt til pasientar frå eigen region behandla utanfor vårt område.

Kostnadene til medisinske varer og tenester viser samla sett negativt avvik denne månaden på totalt kr 2,2 mill. Av dette skriv kr 2 mill seg frå fleire gjestepasientar innan somatikk enn budsjetttert. Personalkostnadene inkl. innleige av personell frå byrå viser denne månaden eit positivt avvik på kr 1,3 mill. Det er framleis eit meirforbruk knytt til overtid og dette er eit forhold føretaket melder at dei aktivt arbeidar med å få ned, bl. a ved oppretting av vikarpool, samt meir aktiv bruk av ressursstyringsverktøyet GAT. Vidare viser tala for mars at føretaket har fått ned kostnadene til innleige frå byrå til under budsjett.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

Rekneskapen for mars måned viser eit resultat på i overkant av kr 38,9 mill. Dette er kr 1,5 mill betre enn budsjettert. Etter tre månader er resultatet kr 25,6 mill. Dette er kr 4,8 mill dårlegare enn budsjettert. Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på i overkant av kr 12 mill. Det negative avviket knytt til stykkprisinntekt skuldast ein lågare aktivitet enn budsjettert innan somatikk. Fleire pasientar enn planlagt som høyrer til andre føretak har fått behandling i Helse Bergen hittil i år. Dette gir eit positivt avvik på gjestepasientinntekter.

Kostnadssida syner eit budsjettavvik på –kr 20,3 mill før finanskostnader. Varekostnad medikament syner eit negativt avvik på kr 6 mill. Det er eit meirforbruk knytt til TNF-hemmarar og MS-medikament på om lag kr 2,5 mill. Utover dette er det eit meirforbruk på medisinske forbruksvarer og lab.rekvisita. Relativt store innkjøp utan tilsvarande periodisering av budsjettet denne månaden er ein viktig grunn til dette avviket. Lønnskostnad syner eit negativt avvik på i overkant av kr 13 mill. Dette er i overkant av 1 % av budsjetterte lønskostnader per mars for føretaket. Avviket er knytt til nokre av einingane i føretaket, og det vert arbeidd aktivt med desse einingane for å avdekke årsak til avvik og iverksetjing av korrigerande tiltak. Av avviket på kjøp av helsetenester er kr 1,8 mill knytt til innleige av helsepersonell. Det resterande avviket gjeld i hovudsak gjestepasientar rus.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet i mars er på kr 0,5 mill i minus, noko som er kr 9,8 mill svakare enn periodisert budsjett. Inntektene er 2,1 mill. kroner høgare enn periodisert budsjett. Kostnadssida har eit negativt avvik på 11,9 mill. kroner, der 6 mill kjem frå lønsområdet og kr 6 mill kjem frå varekostnader.

Akkumulert resultat er på kr 15,7 mill i minus, noko som er kr 6,3 mill svakare enn periodisert budsjett. Inntektene er kr 3,1 mill høgare enn periodisert budsjett. Kostnadssida syner eit negativt avvik mot periodisert budsjett på kr 9,4 mill. Avviket kjem fram innan varekostnader og lønskostnader.

Kjøp av helsetenester

Resultatet pr. mars er estimert å være iht. til budsjett.

Administrasjonen

Resultatet pr mars er estimert å være iht. til budsjett.

Apoteka Vest

Resultatet pr mars er berekna til kr 1,8 mill. som utgjør eit positivt budsjettavvik på kr 1,5 mill.

Helse Vest IKT AS

Resultatet pr mars er minus kr 0,6 mill som utgjør eit positivt budsjettavvik på kr 0,3 mill.

1.3 Omstilling

Tabellen under syner realisert effekt på dei budsjetterte tiltaka som er rapportert pr mars.

Omstillings utfordring	Akkumulert			Året totalt		
	Realisert effekt	Budsjett	% resultat oppnåing	Prognose effekt	Budsjett	% resultat oppnåing
Helse Stavanger	28 604	51 910	55 %	232 848	232 848	100 %
Helse Fonna	7 312	6 983	105 %	24 547	24 119	102 %
Helse Bergen	16 158	18 302	88 %	103 692	105 756	98 %
Helse Førde	9 905	12 144	82 %	66 273	66 273	100 %
Sum Helse Vest	61 980	89 339	69 %	427 361	428 996	100 %

Helse Stavanger

Helse Stavanger har realisert ein effekt på kr 28,6 mill av dei planlagde omstillingstiltaka pr mars noko som utgjer 55% av forventa effekt og er ein nedgang på 13 prosentpoeng i forhold til realiseringsnivået i februar. Føretaket ventar 100 % realiseringseffekt på tiltaka året sett under eit. I 2008 oppnådde føretaket ei realisering på 55% av ei omstillingspakke på kr 142 millionar.

Helse Fonna

Helse Fonna rapporterar ei realisert omstillingseffekt på 105% pr mars og ei forventa realisering på 102 % av planlagde tiltak for året totalt. Føretaket oppnådde 74% realisering av omstillingstiltaka på kr 80 millionar i 2008.

Helse Bergen

Helse Bergen har realisert ein effekt på kr 16,2 mill som utgjer om lag 88% av forventa effekt pr mars. For året samla er det forventa ein omstillingseffekt på 98 % av den samla tiltakspakka på kr 105,8 mill. Føretaket oppnådde ei realisering på 79% av tiltakspakka på kr 214 millionar i 2008.

Helse Førde

Helse Førde har pr. mars realisert tiltak for kr 9,9 mill. Dette svarar til 82 % av forventa effekt pr. mars. Føretaket har auka omstillingspakka med kr 28,2 mill frå førre rapportering og har nå ein samla tiltakspakke for 2009 på kr 66,3 mill. Føretaket forventar 100% resultatoppnåing av dei budsjetterte tiltaka. I 2008 oppnådde føretaket ei realisering på 49% av ei omstillingspakke på kr 105 millionar.

1.4 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	7 833	7 833	0
Helse Bergen	25 000	25 000	0
Helse Fonna	-8 121	0	-8 121
Helse Førde	-40 000	-40 000	0
Helse Stavanger	20 000	20 000	0
Kjøp av helsetenester	40 000	40 000	0
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	105	105	0
Sum	44 817	52 938	-8 121

Helse Fonna melder at dei ved årets slutt vil få eit underskot på kr 8,1 mill. Hovudårsaka til denne justeringa av prognosen er auka kostnader til gjestepasientar somatikk og pasienttransport. Dei andre føretaka melder at dei ikkje ventar avvik frå årsbudsjettet. Utviklinga i resultatet pr. mars samt låg realiseringsgrad på omstillingstiltaka indikerar likevel at helseføretaka vil få store problem med å nå sine prognoser.

Dette er forhold administrasjonen i Helse Vest vil følgje opp, både i dialog med HF-a direkte og i økonomioppfølgingsmøta. Slik som tidlegare år vil ein presentere ein worst case/best case prognose i styremøtet i juni.

Administrasjonen i Helse Vest RHF har på oppdrag frå styret i Helse Vest og styreleiarane i helseføretaka gjennomført ein gjennomgang av helseføretaka sine budsjett. Denne gjennomgangen har avdekket høg risiko og helseføretaka må derfor sikre at:

- prosessen med implementering av tiltak er sett i verk på lågaste nivå og har nødvendig realisme.
- balansegruppene i HF-a utarbeider risikoanalyse og foreslår supplerande tiltak for å bringe risiko ned på akseptabelt nivå
- beredskapsplan for handtering av avvik/manglande realisering av omstillingspakka blir utarbeidd og fordelt ned på lågaste nivå
- budsjettet knytt til interne gjestepasientar blir avstemt mellom HF-a slik at konsernresultatet blir rett samt at budsjettet avspeglar faktisk planlagde interne gjestepasientkjøp.

1.5 Likviditet


Helse Vest har ved utgangen av mars eit samla trekk på driftskreditten i Norges Bank på kr 1,650 mrd. Samtidig er det positiv likviditet på konsernkontoen slik at netto driftskreditt ved utgangen av mars utgjør kr 1,411 mrd. I grafen under er det vist utviklinga i netto driftskreditt i for året:



Likviditetsprognosen for 2009 viser ei likviditetsutfordring dei siste 3 månadene av året når føretaka skal betala reguleringspremie til KLP. Avviket i forhold til budsjettet skuldast delvis utviklinga i resultatet samt endring i kortsiktige fordringar og gjeld. I prognosen for året ligg det ein reserve som tilsvarar 9/12 av bufferen på kr 195 mill, dvs kr 146 mill. Dersom det ikkje oppstår vesentlege avvik i helseføretaka vil likviditeten bli om lag kr 146 mill betre enn det som er signalisert i prognosen. Det er likevel stor usikkerheit knytt til prognosen og Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det trefast ytterlegare tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

2. Medarbeidarar


Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest for mars 2009 var 7,4 prosent. Sjukemeldt sjukefråvær var 6,6 prosent. Sjukemeldt sjukefråvær mellom 17 og 56 dagar var 3,4 prosent. Sjukemeldt sjukefråvær over 56 dagar var 0,3 prosent for mars 2009.




Per februar var det 47 prosent av einingane som hadde eit sjukefråvær på 4,5 prosent eller lågare. Det er framleis stor skilnad mellom føretaka og mellom einingane i det einskilde føretaket. Gjennomsnittleg lengde sjukemeldt sjukefråvær for mars 2009 for dei fem helseføretaka ligg stabilt på om lag 11 dagar.

Tal tilsette per april var 27 058. Ein auke på 1 120 frå mars månad.


Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var 16 283 for april 2009, omtrent på same nivå som for mars.



Helse Stavanger




Helse Stavanger hadde eit sjukefråvær på 7,0 prosent for mars. Sjukemeldt sjukefråvær for mars 2009 var 6,0 prosent.




Netto månadsverk var 4 432 for april 2009, ein auke på 57 frå mars 2009.

Helse Fonna




Helse Fonna hadde eit sjukefråvær på 7,3 prosent for mars 2009. Sjukemeldt sjukefråvær for mars var 6,5 prosent.




Netto månadsverk var 2 435 for april 2009, om lag same nivå som for mars 2009.

Helse Førde




Helse Førde hadde eit sjukefråvær på 8,0 prosent for mars 2009. Sjukemeldt sjukefråvær for mars var 7,1 prosent.




Netto månadsverk var 1 946 for april 2009, om lag same nivå som for mars 2009.

Helse Bergen



Helse Bergen hadde eit sjukefråvær på 7,5 prosent for mars 2009. Sjukemeldt sjukefråvær for mars var 7,0 prosent. (Sjukefråværet for 2008 og 2009 er for månadene februar og mars på same nivå. Raud linje og grøn linje ligg difor oppå kvarandre i diagrammet)



Netto månadsverk var 7 470 for april 2009, ein nedgang på 79 frå mars 2009.

3. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
 Samfunn				
Tilfro til tje­ne­sten	79	80		
Avvik tilfro pasien­ter/pårøren...	-2	0		
Inntrykk av det regionale helse...	56	80		
 Pasien­ter og pårørende				
Avvik tilfro pasien­ter/pårøren...	-2	0		
Avvik tilfro pasien­ter og pårø...	0	0		

3.1 Tilfro til tenesta

Etter å ha vore nede i 74 prosent i februar aukar delen med meget eller ganske stor tilfro til 79 prosent i mars. Endringa er statistisk signifikant.

Auken kjem særleg i gruppa som oppgir at dei har meget stor tilfro. Her er det ein auke frå 21 til 26 prosent samanlikna med førre måling. Dei som har ganske stor tilfro held seg stabilt på 53 prosent. Dei som har lita eller ingen tilfro går ned frå 25 til 21 prosent i same periode.

Auken i tilfroa til spesialisthelsetenesta finn vi i alle føretaksområda, med unntak av Helse Førde, der vi ser ein liten nedgang. I Helse Stavanger aukar tilfroa frå 73 til 78 prosent, i Helse Fonna frå 68 til 76 prosent, og i Helse Bergen frå 75 til 82 prosent. I Helse Førde går tilfroa ned frå 79 til 74 prosent.

3.2 Forskjell i tilfro pasient/pårørande og andre

Indikator 2 er i mars -2 prosentpoeng. Det betyr at tilfroa er litt lågare blant pasientar/pårørande, enn blant dei som ikkje har vore pasient eller pårørande.

Det er i mars ein auke i tilfroa i alle kategoriane. Størst er auken blant dei som ikkje har vore pasient/pårørande, som i mars aukar frå 72 til 80 prosent. Det var også denne gruppa som bidrog sterkast til nedgangen vi såg i februar (frå 84 prosent i januar til 72 prosent i februar). Dette kan indikere at det er i denne gruppa ein er mest sårbare for endringar i omdømme.

64 prosent har vore enten pasient eller pårørande i løpet av dei siste tre åra. 26 prosent seier at dei sjølve har vore pasient.

3.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Oppgang frå 54 prosent i februar til 56 prosent i mars. Auken er ikkje stor nok til å vere statistisk signifikant.

11 prosent har eit meget godt inntrykk av Helse Vest, mens 45 prosent har eit ganske godt inntrykk. 16 prosent seier at dei har eit litt eller meget dårleg inntrykk av Helse Vest.

Det er ei svak betring i inntrykket av Helse Vest i alle helseføretaka, bortsett frå Helse Førde som går ned frå 50 til 45 prosent. Den største auken i tilfroa finn vi i Helse Bergen, der det er ein oppgang på seks prosentpoeng samanlikna med førre måling. Helse Stavanger som ved førre måling hadde størst nedgang i tilfroa, aukar i mars frå 54 til 55 prosent.

Det er ein signifikant høgare del som har eit godt inntrykk blant pasientar/pårørande enn blant dei som ikkje har vore pasientar/pårørande dei siste tre åra. Det er verdt å merke seg at dei som har eit litt eller meget dårleg inntrykk, justerer seg ned frå 20 til 16 prosent blant dei som ikkje har vore pasient/pårørande dei siste 3 åra. Denne auka frå 13 til 20 prosent frå januar til februar.

3.4 Forskjell i tiltru pasientar og pårørande:

Indikator 4 er i mars 0, noko som betyr at tiltrua til spesialisthelsetenesta er den same uavhengig om ein har vore pasient/pårørande eller ikkje. I februar var tiltrua størst blant dei som sjølv hadde vore pasient eller pårørande.

Det er ein litt høgare del blant pasientane som har eit meget godt inntrykk (29), enn blant dei som har vore pårørande (26).

Forslag til vedtak:

1. Styret tek rapportering frå verksemda per mars 2009 til etterretning.
2. Helseføretaka må fram til kommande rapportering pr. april følgje opp at:
 - o prosessen med implementering av tiltak er sett i verk på lågaste nivå og har nødvendig realisme.
 - o balansegruppene i HF-a utarbeider risikoanalyse og føreslår supplerande tiltak for å bringe risiko ned på eit akseptabelt nivå
 - o det blir utarbeidd beredskapsplan for handtering av avvik/manglande realisering av omstillingspakka
 - o budsjettet knytt til interne gjestepasientar blir avstemt mellom HF-a slik at konsernresultatet blir rett, samt at budsjettet avspeglar faktisk planlagde interne gjestepasientkjøp